
Fra: Edith K Stusdal
Sendt: 21. april 2015 10:34
Til: Postmottak Lindås
Emne: Høyringsuttale - Kommunedelplan skule

Lindås kommune

Referanser: Saksbehandlar: Dato:
Dykkar: Edith K Stusdal 21.04.2015
Vår: 14/1984 - 15/9060 Edith.Stusdal@lindas.kommune.no

Høyringsuttale - Kommunedelplan skule

Som høyringsuttale frå Samarbeidsutvalet ved Ostereidet barneskule følgjer særutskrift frå sak 17/2014-15:

Sak 17/2014-15 Kommunedelplan for skule

Dersom kommunen vedtek å leggje ned andre skular ønskjer vi elevane frå desse skulane velkomen til Ostereidet, men på vilkår av at følgjande punkt vert utbetra og følgd opp:

- Skulen må byggjast ut med naudsynt areal for å ta i mot så mange elevar (sjå kommunedelplan s.25).
- Utearealet må utvidast vesentleg rundt skulen.
- Det er heilt naudsynt å få på plass godkjent reguleringsplan før ein kan utvida skulen med meir uteareal og byggjeareal.
- Vegtilkomsten til skuleområdet må sikrast og utbetrast vesentleg.
- Det må etablerast mange fleire parkeringsplassar i området.
- Fortau ned Lindsdalen frå senterområdet må vera sikra gjennomført.
- SU ber om at representantar frå FAU/SU ved barneskulen på Ostereidet får delta i ei referansegruppe om det vert starta opp eit forprosjekt for vurdering av ny skulestruktur.
- Idrettsbygget med gymsal må utvidast. Ei interessegruppe har allereie starta opp planleggingsarbeid for å få bygd ei Storstove der Idrettsbygget no ligg. SU ber om at dette vert teke med i planane for utviding av skulen.
- SU peikar på at det er svært viktig å få behalda Ostereidet ungdomskule der den ligg i dag, for å kunne oppretthalda kvaliteten i oppvekstmiljøet i denne delen av kommunen. SU viser i denne samanheng til kommunedelplanen der Ostereidet er omtalt som eitt av tre kommunesenter, og alt som er bygd opp av infrastruktur, idrettsbane m.m. rundt ungdomskulen.

Med helsing

Edith K Stusdal
inspektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anne Wergeland

Lindås kommune